

---

Saksnr: 2020/36812-15  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen og Rune Åland

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

**Tildeling av renter og inndregne midlar på spelemidlar 2019 til anlegg for idrett og fysisk aktivitet**

Forslag til vedtak:

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtek å tildele over budsjettpost 400.430 til spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inndregne midlar og renter frå 2019 totalt kr 6 168 000 til følgjande anlegg:

Anleggsnummer	Søker	Søknad	Kommune	Tilråding
72486	Alver kommune	Knarvik Arena	Alver	2 776 000
40514	Bergen pistolklubb	Krohnegården skytebane	Bergen	1 942 000
72466	Fusa ridehall AS	Strandvik ridebane	Bjørnafjorden	662 000
60516	Stord kommune	Prestegardsskogen idrettspark, reiskapshus	Stord	802 000

**Samandrag**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok 4. juni 2020 i sak 2020/100 følgjande «Inndregne midlar og renter frå året før vert fordelt på hausten til anlegg som har fått mindre overskringar etter ordinær tildeling og eventuelle klager som får medhald. Om det vert restmidlar etter dette, vert det fordelt vidare på prioriteringsliste frå ordinær tildeling. Evt. klager vert handsama i Utval for kultur, idrett og integrering.»

Vestland fylkeskommune har i 2020 ikkje motteke klage på tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv, og ingen anlegg har fått mindre overskringar etter ordinær tildeling.

Sogn og Fjordane fylkeskommune fordelte sine rentar og inndregne midlar i 2019. Det er difor berre inndregne midlar og renter frå Hordaland som skal fordelast i denne saka.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef idrett og friluftsliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I [«bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet»](#) pkt. 6.2.8 står det følgjande om bruk av rentemidlar og inndregne midlar:

«Beløp som blir inndratt, settes av fylkeskommunen inn på rentebærende konto og nyttas til idrettsanleggsformål etter nærmere bestemmelse gitt av departementet.

Rentemidlar og inndratte midlar skal benyttes til idrettsanlegg som oppfyller de formelle krav til å motta spillemidlar. Midlene skal først og fremst være tilgjengelige ved behandlingen av klagesaker, enten fylkeskommunen eller departementet imøtekommer klagen. Etter at klagebehandlingen er avsluttet kan midlene benyttes til

- å gå vidare på prioriteringslisten fra den ordinære tildelingen
- å gi tilskudd til idrettsanlegg utenom søknadsfristen, f.eks. ved tilleggsbevilgning ved mindre overskridelser.

Det er et vilkår at samlet tilskudd av rente-, inndratte og spillemidlar ikke overskrider maksimalsatsen til vedkommende anleggstype. Opptjente renter og inndratte midlar fordeles primært det påfølgende år.»

Frå 2021 vil rentemidlar og inndregne midlar frå 2020 frå tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland bli handsama i ei felles politisk sak i KULII.

Jrf. sak 2020/100 skal inndregne midlar og renter frå 2019 i Hordaland, kr 6 168 000, fordelast vidare på prioriteringsliste frå ordinær tildeling for 2020 gjort i 4. juni 2020 i KULII.

Alver kommune då fekk tildelt 15,8% av godkjend søknadssum. Dette var den kommunen som hadde den lågaste prosent tildeling av godkjend søknadssum. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering foreslår å tildele kr 2 776 000,- til Knarvik Arena. Dette er eit anlegg som totalt skal få ei tildeling på kr 12 400 000. I juni fekk dette anlegget ei tildeling på kr 2 000 000. Alver kommune vil etter denne tildelinga få 21,5% av sin godkjende søknadssum.

Bergen kommune hadde ei søknad som søkte for tredje gong og som ikkje fekk tildeling i 4. juni. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering foreslår å tildele kr 1 942 000,- til Bergen pistolklubb Krohnegården skytebane.

Bjørnefjorden kommune fekk tildeling på 19,5% i 4. juni. Neste anlegg på Bjørnefjorden sin prioritering er Strandvik ridebane. Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering foreslår å tildele kr 662 000,- til dette anlegget. Bjørnefjorden kommune vil då få ei tildeling på 21,5% av godkjend søknadssum for 2020.

Stord kommune fekk tildeling på 17,6% 4. juni. Prestegardsskogen idrettspark, reiskapshus fekk ikkje tildeling då frivillig sektor var prioritert. Anlegget var nr 2 på prioriteringslista til Stord kommune, og fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering foreslår ei tildeling på kr 802 000,-. Stord kommune får då ei tildeling på 20,4% av godkjend søknadssum for 2020.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

Økonomi: Statlege spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet som fylkeskommunen fordeler vidare til kommunar og organisasjonar

Klima: Det er viktig å bygge gode anlegg slik at folk kan vere aktive i nærleik av bustad.

Folkehelse: Idrett og friluftsliv er ein viktig medverknad til å styrke folkehelsa

Regional planstrategi: Bidreg til å realisere Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025

### Konklusjon

Utval for kultur, idrett og integrering tildeler spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv etter tilråding frå fylkesdirektør.